



Harris Advokatfirma AS
Camilla Heggø Olsen
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2631 - 20/15680

Saksbehandlar:
Hege Eeg
hege.eeg@osteroy.kommune.no

Dato:
20.07.2020

79/16 og 17 - Bysheim - Svar på krav om sakskostnader - Vedtak

Rådmannen sitt vedtak

Kommunen tek kravet om dekning av sakskostnader delvis til følgje og dekkar kr. 11.000 inkl. mva. til advokatutgifter knytt til endring av vedtak i klagenemnda 6.5.20.

Saksutgreiing

Kommunen mottok krav om dekning av sakskostnader i brev av 3.6.20 og tilleggsinformasjon i seinare epostar. Beklagar seint svar.

Etter forvaltningslova § 36 har ein part krav på å få dekkja vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å få endra eit vedtak i sin favør.

Perioden ein kan krevje dekkja for er tiden mellom vedtaksdato og dato for endringsvedtak.

Det er to kriteria; det må vere ein kostnad knytt til endring av vedtaket og kostnaden må ha vore naudsynt etter ein konkret vurdering.

Klagen blei motteke 2.3.20 og vedtaket endra 6.5.

Timar 28.1, 28.2, 2.3 for Olsen

3 timar a 1700,- eks. mva godkjent.

Knut Nergaard

1 time totalt a 2850,- eks. mva. godkjent.

Utviding av klagefrist 28.1

Advokat ba om utvida klagefrist sjølv om klienten allereie hadde fått det innvilga. Utgift skuldast dårleg kommunikasjon mellom klient og advokat og er ikkje ein naudsynt utgift. Fradrag for 0,75 t. Ikkje godkjent utgift.

Telefon kommunen og mottatt info 10.3

Dette gjaldt forsøk frå kommunen si side om å finne ei minneleg løysing og stadfesting av motteken klage. Det har ikkje direkte tyding for om vedtaket vert endra, men godkjennast likevel. 0,5 time a 1700,- eks. mva. godkjent.

Brev til Røiseths advokat 23.3

Det er ikkje gjeve opplysningar om relevans for klagesaka og kommunikasjonen har vore etter at klagen var sendt. Ein kan ikkje sjå at denne utgifta er naudsynt for å få endra vedtaket.

Telefon Kåre Bysheim 30.3

Det er ikkje gjeve opplysningar om kva dette gjeld. Det er etter at kommunen mottok klagen. Ut frå opplysningar, kan vi ikkje sjå at denne utgifta er naudsynt for å få endra vedtaket i klagars favør.

Utlegg Ambita

Gjeld utskriftar frå saker i kommunen. Kommunen gav klient innsyn i samtlege saker i kommunen på eigedomane 79/16, 17 og 18 dato 27.2.20.

Kommunen fekk førespurnad om innsyn i saksdokumentar og viste til at klienten nett hadde motteke desse. Vi kan ikkje sjå at denne utgifta var naudsynt for å få endra vedtaket. Ikkje godkjent.

Kommunen godkjenner totalt 3,5 timar a 1700,- som utgjer 5.950,- eks. mva. for Olsen og 1 time a 2850,- eks. mva for Nergaard. Totalt 8.800,- eks. mva.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Berit Rystad
Sektorleiar

Hege Eeg
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Annlaug Solvang

Kopi til:
Kåre Bysheim

Mottakar:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 4115

5835

BERGEN

Sandviken

Kåre Bysheim

Åsgardane 75

5282

LONEVÅG